

## Ny runde i Sjøwall-saka

21.06.2010

**Per Arild Sjøwall sine byggjeplanar i Kleivadalen skal opp att i forvaltningskomiteen 23. juni. Rådmannen går som tidlegare inn for at det ikkje skal gjevast dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunen eller frå plan- og bygningslova om forbod mot byggjing i strandsona.**

**Det kan difor ikkje gjevast løyve til frådelling av parsell til bustadhus som omsøkt.**

Avslaga er heimla i plan- og bygningslova då det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova.

Administrasjonen har samanfallande vurdering med fylkesmannen og held på tidlegare vurdering. Det peikast på at det er avsett svært mykje areal til bustadføremål i Uskedalen i kommunedelplanen.

Sjøwall minnar om at området framstår som tettbygd og meiner det vil vera naturleg å fortette med ein bustad på denne tomta.

Naboeigedomane viser at bygningar kan gli fint inn i terrenget, utan store inngrep. Sjøwall meiner at dette vil vera ein naturleg utvikling av den sentrumsnære bebyggelsen i Uskedalen.

Då saka var i komiteen i september i fjor var det 5-4 for å gje dispensasjon. Rådmannen fremja saka pånytt med ny negativ innstilling og no vart det 5-3 for dispensasjon.

Dette vedtaket vart så påklaga av fylkesmannen. No er det klart for ein ny runde, igjen med negativ innstilling frå rådmannen.

Av Ola Matti Mathisen